



Ut på tur, ikkje sur 1

At Uskedalen skule har spreke elevar visste vi frå før og idag har dei overtydd oss om det igjen. Skulejoggen vart ein suksess og utan at vi skal lage ei rangliste må vi trekkje fram at 3 gutar og 2 jenter i femte klasse gjekk 3 rundar over Dønhaug etter turen over Ådnaklett. Men motivasjonen var sterk i heile flokken og sekretariatet representert ved Hilde Bringedal hadde ei lett oppgåve då ho oppmoda elevane til å gjera ein runde til over Dønhaug. Ein av dei mange spreke var Johan i tredje - han vrei sokkane sine ved målbordet!



Ut på tur, ikkje sur 2

Ei gulerot som aukar motivasjonen er poengane, Elevane får 10 poeng for skulejoggen og det er 10 gonger så mykje som dei får for ein ordinær runde i skuleløypa i nærleiken av skulen.

Det var etter midttimen elevar (og lærarar) la avgarde i dei 2 løypene. Lærarane hadde viktige oppgåver som vakter og betjening av drikkestasjon ved gardsbarnehagen der saftkonsumet var betydeleg. Tilbake på skulen fekk sprekingane servert frukt.

Oppmodinga frå skulen til foreldre, besteforeldre og andre om å hengja seg på var ingen suksess. Det stilte til dømes opp berre ei i bestemorklassen og ho ynskja å vera anonym men samtidig beklaga ho sterkt at ikkje fleire bestemødre var med. Det har vel noko med organisering å gjera?

Derimot var skulekameratane på plass i løypa - faktisk gjekk 9 frå barnehagen over Dønhaug og var blide og fornøgde etterpå.

Ved målpassering var det høve til å gje ei gåve til eit SOS-barnebyprosjekt i Tanzania, men det vart ikkje mange setlar i boksen..



-Ta ein tur til over Dønhaug, sa Hilde Bringedal og elevane var ikkje vonde å be
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Ved gardsbarnehagen var det saftstasjon og der gjorde Odd Steinar Arnesen og Marit Larsen teneste